

Referat frå møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

Møtestad: Hotel Union, Geiranger.

Tidspunkt: Onsdag 8. november 2017, kl. 08.30. – 15.10.

Medlemar til stades:

Voss kommune v/ ordførar Hans Erik Ringkjøb.
Aurland kommune v/ordførar Noralv Distad.
Norrdal kommune v/ ordførar Arne Sandnes.
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
v/ Tom Dybwad.

Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Willy Loftheim.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Geir Moen.
Stranda kommune v/ ordførar Jan Ove Tryggestad.

Bisitjarar:

Inge Bjørdal, adm. Stranda kommune.
Ingunn B. Skjerdal, adm. Aurland kommune.
Arlen S. Bidne, adm. Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Observatørar:

Kjell Hansen, SNO Geiranger – Herdalen.
Anbjørg Nornes, VOF Nærøyfjorden.

Forfall:

Kristoffer Ullern-Hansen, SNO Aurland.
Odd Rune Turvoll, adm. Vik kommune.
Ingvild Hansen Nystad, VOF Geirangerfjorden.
Hordaland fylkeskommune
v/ Anne Beth Njærheim.
Hordaland fylkeskommune
v/ vara Jarle Brattespe
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune.
Magnhild Aspevik, adm. Lærdal kommune.
Lærdal kommune v/ vara Mia Hovland.
Vik kommune v/ ordførar Olav Turvoll.
Hordaland fylkeskommune
v/ David Aasen Sandved.
Trond Taugbøl, Riksantikvaren.
Gaute Sønstebø, Miljødirektoratet.

Andre:

Hanne Lykkja, Nærøyfjorden Verdsarvpark.
Katrin Blomvik, Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.
Else Ragni Yttredal, SUSTRANS.

Sekretariat:

Erling Oppheim.
Merete L. Rønneberg.

Innleiing:

Fleire av møtedeltakarane deltok kvelden før (*Tysdag 7. november*) på ein eigen rundtur og omvising i Verdsarvsenteret. Merete L. Rønneberg frå stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv tok i mot og leia flokken stødig rundt i det nasjonalt autoriserte verdsarvsenteret for Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden.



Onsdag 8.november:

Velkomst:

Ordførar Jan Ove Tryggestad ynskte møtelyden velkomen til Geiranger og Stranda kommune. Peika på at det er alltid kjekt med folk på besøk. Ei stille tid i Geiranger no; noko som er ein kvalitet og oppleving i seg sjølv. Utfordrande å opprettehalde bygda som eit levande samfunn, nær smertegrensa, i underkant av 200 fastbuande. Ingen 1. klassingar på skulen dette året. Kan langt på veg sei at klokka er kvart på 12 i høve samfunnsutviklinga. Planlegging for

framtida vert viktig, særleg i ei bygd som tek imot så pass store mengder gjester. Må finne rom for å utvikle lokalsamfunna/ avklare potensiale.

Registrerer elles svakt oppmøte frå medlemmane av Verdsarvrådet. Ser det som viktig å diskutere rådet si rolle og innhald.

Opning:

Leiar Hans Erik Ringkjøb tok etter dette over og ynskte Verdsarvrådet (VAR) velkomen til Geiranger og Union Hotel og opna deretter møtet fylgjande saksliste:

VF 07/17 Innkalling, sakliste og møtereferat.

OK, ingen merknader.

VF 08/17 Orienteringar og meldingar.

1. ”Kommersielle ferjekonsesjonar og båtruter i verdsarvområdet Geirangerfjorden med omland»

Else Ragni Yttredal, SUSTRANS, la fram ein statusrapport om prosjektet i Inge Bjørdal, næringssjef Stranda kommune, sitt fråvær. Målsetjing at endeleg rapport skulle leggst fram for VAR men dette vart av ulike årsaker forseinka. Yttredal orienterte og kort om status i prosjektet Hellesylt Hydrogen HUB ; korleis ein betre kan nytte «innelåst» kraft – sjå eigen presentasjon. Stranda kommune/ prosjektet ynskjer ein uttale frå VAR.

Kommentarar frå VAR:

Dette er ei sak som grip inn i fleire problemstillingar; ikkje budd på å handsame/ gje noko uttale til dette no. Ein uttale frå VAR må fremjast / bygge på ei sakshandsaming i forkant.

2. Revisjon av felles skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap.

Verdsarvsekretariatet orienterte om stoda. Saka har gått litt att og fram mellom fleire aktørar men Miljødirektoratet meiner dei no har ei løysing klar. Denne er p.t. ukjent for oss og andre norske Verdsarvsentra. Verdsarvsekr. vil med det aller fyrste ha møte med Miljødir. for å gå gjennom/ bli orientert om innhald og rammer. Prosessen med merkevareordninga for verdsarvområda/ -objekta har teke alt for lang tid, no må noko skje.

Kommentarar frå VAR:

Registrerer at det allereie er mange logoar/ merkevarer i bruk i området. Mange slit med å forhalde seg til dei ulike logoane/ aktørane/ styresmaktene. Samstundes sær viktig å løfte fram Verdsarvstatusen; det er det mest unike vi har, kan ikkje kome på nokon 2. plass. Verdsarvlogoane/-merkevaren er klart den sterkaste og viktigaste.

3. Tildeling 2017 av tilskot over Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv.

Arlen S. Bidne, rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune, orienterte om handsaming og fordeling av midlar over ordninga «Tilskot til kulturminne på Verdsarvlisa» - sjå eigen PPT. Synte og til kor viktig «Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden» er blitt for å løfte fram og prioriterte istandsetjings- og restaureringsprosjekt.

4. Nytt frå Miljødirektoratet.

Tom Dybwad, seniorrådgjevar hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, orienterte i Miljødirektoratet sitt fråvær om framlegg til Statsbudsjett 2018, om Verdsarvkomiteen sitt møte i Krakow/ norsk nominasjon til komiteen samt klagesak på Vega knytt til fiskeoppdrett. Sjå eigen PPT.

Kommentarar frå VAR:

Uroleg for politiseringa kring Verdsarvkomiteen sitt arbeid og status. Registrerer at 1/3 av Farelisa ser ut til å vere relatert til turisme. Planstyresmaktene ser ut til å vere for lite medvitne om OUV'n.

5. **Framlegg til Statsbudsjett 2018 - orienteringar for Stortinget sine komitear.**
Hans Erik Ringkjøb, leiar av Verdsarvrådet og Norges Verdensarv sitt politiske råd, orienterte kort om eit par presentasjonar i regi Norges Verdensarv for [Familie- og kulturkomiteen](#) (Tid:00:23:50) samt [Energi – og miljøkomiteen](#) (Tid: 03:17:48). Fokus på styrka kompetanse og kapasitet hjå Riksantikvaren og Miljødirektoratet, auka økonomiske rammer for verdsarvarbeidet generelt og investeringar/ drift av verdsarvsenter samt tilskot til kulturlandskapsskjøtsel spesielt.

Kommentarar frå VAR:

Dersom den økonomiske ramma til verdsarvarbeidet ikkje vert auka bør midlar til Noregs Verdensarv har lågare prioritet enn anna verdsarvarbeid. Ikkje meir til administrasjon.

6. **Detaljregulering av innseglinga til Flåm.**
Ingunn B. Skjerdal, plansjef Aurland kommune, orienterte om status kring Kystverket sine planar for utdjuピングstiltak kring Fretheimsgrunnane i Aurlandsfjorden – sjå eigen PPT. Føremålet er å sikre ferdsla/ innseglinga til Flåm med omsyn til tryggleik og beredskap. Legge til rette for ankring av cruiseskip utan at motoren er i gang. Prosjektet var innarbeidd i NTP for 2014-2023.

Kommentarar frå VAR:

Ser at dette kan vere eit potensiell alvorleg sak, oppteken av kva som er det reelle grunnlaget for saka.

7. **Sjøfartsdirektoratet sin rapport om utslepp i Verdsarvfjordane:**
- Kopi av skriv frå Stranda kommune ved hamnevesenet om kva som m.a. vert gjort for å spreie fartøybesøk.
 - Kopi av skriv frå Aurland kommune om kva som m.a. vert gjort for å spreie fartøybesøk.
 - Referat frå Aurland og Stranda kommunar sitt møte med Sjøfartsdir. den 3. oktober.

Jan Ove Tryggestad kommenterte kort dei framlagde dokumenta. Peika på at det frå Aurland og Stranda kommunar, med tilhøyrande hamnevesen, si side var viktig å få fram at framtidige tiltak og evt. restriksjonar helst må innførast i heile landet, primært i dei Vestnorske fjordane. Dette dels grunna kritikk knytt til at noko anna vil vere konkurransevridande; dels at ansvaret for ei klima- og miljøvenleg utvikling må ligge hjå fleire/ eit større område. Registrerer at politikarar og embetsverk er i bevegelse og i rett retning på miljøet sine premisser. Vil likevel vere tydeleg på at det er viktig med regulering i verdsarvfjordane; noko som og er VAR si offisiell linje.

Noralv Distad, ordførar Aurland kommune, held fram at tida arbeider for at dette vert nasjonale krav. Dette er og i samsvar med politiske vedtak i Aurland og Stranda. Vestlandsrådet har og ved si handsaming av «*Cruisestrategien for Vestlandsregionen*» uttrykt same syn. Prosessen vidare vil truleg ta utg. pkt i verdsarvfjordane ved framlegg av utkast og høyring. Det er likevel vanskeleg å sjå at ei innføringa av nytt regelverk berre vil gjelde for verdsarvfjordane.

Kommentarar frå VAR:

Viktig med ein høyringsrunde, VAR vil vurdere uttale når den tid kjem.

8. **Grøn Fjord 2018 .**
Katrinn Blomvik, stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, orienterte om førebuingane med *Grøn Fjord konferansen 2018* som vert arrangert den 8.- 9. februar i Geiranger. Programmet er i prosess men kan nemne at The Fjords truleg deltek med hybridbåten, skal teste ut eit mulig konferanseprodukt på vinterhalvåret. Startar innseglinga frå Vigra mot Geiranger. Vonar klima- og miljøministeren vert med i tillegg til andre relevante/ prominente gjester frå landet elles. Arbeider med ein avtale med rederiet, store kostnader med å ta båten nordover, må finne ei minneleg løysing.

Tema for konferansen vert omtrent slik: Frå blåøyk til utstillingsglas for grøn teknologi. Ser føre oss å bruke båtturen til Geiranger som arena for ei drøfting kring korleis bruke verdsarvfjordane som drivarar i ei utvikling av grøn teknologi/ utstillingsglas. Vi vil utfordre marine næringar og verksemdar samt forvaltning og politisk leiing. Kva kan vi alle bidra med mot ei felles satsing som omhandlar m.a. sporlaus ferdsle, bygge konkurransefortrinn for framtida m.v. Framme på Hotel Union vil vi minne om ein fryktelig hektisk mediasommar med mykje negativ omtale av blåøyk. Dette vil prege resten av seminarprogrammet, setje fokus på myter, fakta og kommunikasjon. Korleis brukar media oss, kva gjer dette med lokalsamfunna. Viktig å få fram fakta, være ærlege; nokre hevdar at det ikkje eksisterer fakta. Vi vil m.a. presentere resultat frå luftmålingar, rapporten frå Sjøfartsdirektoratet. Vil invitere Folkehelseinstituttet til å sei noko om effektar av forureining. Vil avslutte bolken med å sjå framover med særleg omsyn til grøn kommunikasjon. P.t. har Sjøfartsdir. takka ja til å delta, likeså Bergen Hamnevesen. Har muligens fått napp frå eit cruiserederi som vil dele sitt syn på stoda og utviklinga.

Dag 2 set truleg meir søkjelyset på teknologien. Kven vinn kampen om framtida; EL eller hydrogen. Kanskje få til ein duell / debatt mellom fagmiljøa. Naturleg å trekkje fram Hydrogenprosjektet på Hellesylt. Vil og sjå til Sogn og Fjordane som har mange spanande satsingar. Østfold er og langt framme på satsingar knytt til sol og fossil frie maskiner; dei kjem med delegasjon og utstilling. Vidare naturleg å gje plass til SUSTRANS-prosjektet med statusrapport.

Eit anna tema vil vere politiske verktøy; både i høve til konsesjonar og innføring av miljøsoner. Kva er mulig i vårt område/distrikt. Partnerane våre ynskjer samstundes at verdiskaping skal vere ei tema og lokal samfunnsutvikling. Kva skal vi leve av i framtida. Digital teknologi og kommunikasjon er og spelt inn som tema. Nokre tema på landbrukssida; NO Fence og velferdsteknologi knytt til husdyr kan vere aktuelt. I tillegg vil Grøn Fjord - partnerane få presentere seg og sin positive innsats. Det vert 2 hektiske dagar, vonar heile VAR deltek. Viktig arena og møteplass for både forvaltning, næring og politikarar.

VF 09/17 **Reguleringsplanarbeidet for Geiranger.**

Dokument vedlagt saka:

- Jan Ove Tryggestad, ordførar Stranda kommune, innleia om grunnlag, målsetjing og status kring reguleringsplanarbeidet i Geiranger – eit sær utfordrande og komplisert planarbeid som involverer ei rekkje sektorstyresmakter. Mange motesegner, ingen vil i utgangspkt. vike, spor av positiv vilje men ingen tek ansvaret for heilskapen.

Prosjektlei/ plankonsulent Grete Valen Blindheim held vidare fram med ein eigen PPT-presentasjon av planprosess og stoda så langt. Framlegg til uttale vart delt ut til medlemmane av VAR i møte.

Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:

Framlegg til uttale vert lagt fram av Stranda kommune i møtet.

Handsaming/drøfting:

Møtelyden drøfta med grunnlag i innleiing og gjennomgang av prosjektleiar framlagt utkast til uttale frå Verdsarvrådet. Val av kailøysing og plassering er ein sentral del av problemstillingane. Viktig å få på plass noko som er funksjonelt og sikkert, reguleringsplanen må medverke til framtidig utvikling av Geirangersamfunnet. VAR lyt samstundes ha fokus på korleis ei slik utvikling kan skje samstundes som ein tek vare på Verdsarvstatusen. VAR kan ikkje gå på kompromiss med grunnlaget for Verdsarvstatusen. Regulering av tilgang/ ferdsle frå sjø og på land kan t.d. vere aktuelt for å unngå periodar med « *People's pollution* ». Vi må unngå å øydelegge opplevinga/ kvaliteten på produktet. Viktig å kome i hamn med ein godkjent reguleringsplan.

Framlegg til uttale korrigerert for innspel frå møtelyden vart vidare lagt fram for VAR som så samla seg om fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet (VAR) sluttar seg til revidert framlegg til uttale slik den ligg føre i møte den 8. november 2017. VAR ber samstundes om at uttalen vert oversendt relevante sektor-/forvaltningsstyresmakter knytt til områdereguleringsplanarbeidet for Geiranger.

VF 10/17

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap.

Dokument vedlagt saka :

- *Innkalling og sakliste til møte i arbeidsutvalet den 30. oktober.*
- *Oppsummering frå møte i arbeidsutvalet.*

Det låg føre eit kort saksutgreiing frå verdsarvsekretariatet. Saksordførar Arne Sandnes innleia vidare til drøfting med utg. pkt i semje i sak VF 04/17 samt oppsummeringa frå møte i arbeidsutvalet den 30. oktober d.å. Førebels konklusjon frå dette møtet peika på at gjeldande mandat var litt upresist i høve til utvalet sitt oppdrag.

Framlegg til spissa og revidert mandat vart lagt fram og gjennomgått av saksordførar i møtet.

Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:

Framlegg til semje vert lagt fram til drøfting i møtet.

Handsaming/drøfting:

Møtelyden drøfta det som låg føre. Må i større grad fremje og fokusere på aktivt og husdyrbasert landbruk, ikkje berre pleie/ produksjon av kulissar og landskap. Noko skeptisk til bruk av pilotar, usikker langsiktig effekt og verknad. Langsiktig tilgang på økonomi må vere ei sentral og overordna målsetjing. Samordning og koordinering av ressursar viktig slik at ein ikkje kjem i konkurranse med/ går glipp av andre midlar. Må samstundes oppmode om/ støtte brukarane i nytte heile eigedomen sin til å skape næring/ aktivitet; entreprenørskap.

Registrerer at det er opna for romsligare bruk av verdsarvmidlane men positivt at fylkesmennene vil prioritere eksisterande skjøtselsavtalar. Viktig å sjå gjennom og sikre eksisterande ordningar i tiltaksplanen. Før vi ber om meir midlar frå nasjonalt nivå må vi og kunne syne til kva vi sjølve kan bidra med. Kommunane og fylka lyt prioritere satsinga. I det vidare arbeidet bør ein spørje seg; kva er viktigast, kva skal vi kjempe for? Ein pilot eller det som hastar. Det som hastar (investeringar) er vel dokumentert. Vi bør prioritere det som hastar, må vere overordna. Skal ikkje så veldig mykje til. Uroleg for at nye utgreiingar kan få brukarane til å gje opp. Styrke eksisterande ordningar difor pri 1. Pilot som og ser på potensiale i eit nyskapande landbruk, bruk av ny teknologi, pri 2.

VAR konkluderte etter ei tid med ordskifte slik:

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet (VAR) tek til vitande saksordførar sitt utkast til justert mandat og ber samstundes om at revidert mandat tufta på drøftingar og innspel frå møte den 8. november vert sendt på høyring til VAR for uttale.

VF 11/17

Besøksforvaltning og lokal samfunnsutvikling.

Dokument vedlagt saka:

- *Skisse/ rammeverk utkast til plandokument pr. 30. oktober d.å.*

Prosjektliar Hanne Lykkja deltok på møtet og orienterte VAR om stoda i FoU-prosjektet og vegen/ prosessen vidare fram mot slutføring – sjå eigen PPT.

Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:

Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.

Handsaming/drøfting:

Eit stort prosjekt som kan vere vanskeleg å få tak på, involverer mange aktørar. Ein god presentasjon. Ser at det er eit fyrstegenerasjonsverktøy som inviterar og medverkar til tankeverksemd/ refleksjon. Karta er viktige og eit veldig godt verktøy som synleggjer kva som er stoda; må adresserast til planleggarane. Kva er utfordringane våre, kva er rammene, kva er potensiale i verdsarvområdet, kva er mulig å få til. Kor kan ein kanalisere/ styre / legge til rette for aktivitet slik at det tek vare på ei god opplevinga. Kommunane bør bruke dette som eit kunnskapsgrunnlag, eit reiskap for vidare planlegging. Gjere det matnyttig, kanskje knyte det til arbeidet med kommunale nærings- og tiltaksplanar. Samordning med masterplanar og besøksstrategiar sentralt. Viktig å køyre ein høyringsrunde/ innspelsrunde på endeleg utkast til plan/ strategi/ prinsipp. Må ha god tid. Resultatet slik det ligg føre ved prosjektslutt vil vere eit råd til forvaltninga, må forankrast godt hjå kommunane. Dokumentet må vere pedagogisk og lettfatteleg i si framstilling og presentasjon.

Møtelyden konkluderte etter ei tid med drøfting slik :

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet (VAR) tek orienteringa til vitande og ser vidare fram til at eit endeleg høyringsutkast vert lagt fram til handsaming og uttale med det aller fyrste.

VF 12/17**Val av leiar for Verdsarvrådet 2018 - 2019.**

Det låg føre eit kort saksutgreiing frå verdsarvsekretariatet utan tilråding til semje.

Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:

Saka vert lagt fram for Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.

Handsaming/drøfting:

Etter framlegg frå Jan Ove Tryggestad, ordførar Stranda kommune, vart møtelyden samde om fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Arne Sandnes, ordførar Norddal kommune, vert vald til ny leiar av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap for perioden 2018 - 2019.

Hovudsekretariatet (Sekretariatsleiar) vert i same tidsrom lagt i Geirangefjord-området og stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

VF 13/17**Val av nestleiar for Verdsarvrådet 2018 - 2019.**

Det låg føre eit kort saksutgreiing frå verdsarvsekretariatet utan tilråding til semje.

Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:

Saka vert lagt fram for Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.

Handsaming/drøfting:

Etter framlegg frå Noralv Distad, ordførar Aurland kommune, vart møtelyden samde om fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Hans Erik Ringkjøb, ordførar Voss kommune, vert vald til ny nestleiar av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap for perioden 2018- 2019.

VF 14/17 Møteplan 2018.

Verdsarvsekretariatet fremja fylgjande møteplan for 2018:

Framlegg til semje i Verdsarvrådet.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er samde om fylgjande møteplan for 2018:

Vårmøte: 10. - 11. april 2018.

Stad/ vertskap: Lærdal kommune.

Haustmøte: 23. - 24. oktober 2018.

Stad/ vertskap: Norddal kommune.

I tillegg vert det ved behov gjennomført arbeidsmøter mellom leiar/ nestleiar og sekretariat.

Handsaming/drøfting:

Møtelyden drøfta det som låg føre. Viktig med minimum 2 møter i VAR; Eit skikkelig vårmøte med god tid i eitt av delområda som og inneheld ein aktivitet/ ekskursjon. Oppleve verdsarven. Haustmøte kan gjerne vere eit effektivt dagsmøte; «Flylassmøte». Oppmøte lyt elles blir betre, for mykje fråvær for mange medlemar. Registrerer dalande interesse. Leiarskapet bør ta dette opp med dei det gjeld. VAR eit viktig fora med ei unik oppgåve som medlemane i høgste grad bør prioritere samt medverke til å setje dagsorden/ gjere relevant. Kanskje vurdere utviding av rådet, repr. for næring og reiseliv? Utsending av innkalling og saksliste likt som i kommunane, ein mnd. før er urealistisk.

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er samde om fylgjande møteplan for 2018:

Vårmøte: 10. - 11. april 2018.

Stad/ vertskap: Lærdal kommune.

Haustmøte: 23. - 24. oktober 2018.

Stad/ vertskap: «Flylassmøte»/ vert fasett seinare.

Medlemane av VAR gjeve tilbakemelding til verdsarvsekretariatet snarast og seinast innan 15. januar 2018 på tidspunkta for møta.

VF 15/17 Ymse

Ingen saker under dette punktet.

Aurland, 29. november 2017.

Erling Oppheim
Sekretariatsleiar